

Møtereferat

Til: Regionalt brukarutval (RBU) i Helse Vest, vara-repr. RBU

Til stades: Claus Ingebrigtsen, Pål Berger, Kari Toftøy-Andersen, Grete Knudsen, Linn Bæra, Sven Hove, Grete Müller, Annbjørg Hellestræ

Forfall: Harald Lindvik, Elisabet Salte (prosjektmøte), Oddveig Birkeland (prosjektmøte)

Inviterte: Sølvi Lerfald, Laila Yvonne Nordvoll, Øystein Svindland, Wenche Ten Velden Hegelstad

Møteleiar: Linn Bæra, leiar

Møtedato: 15.10.2015

Klokkeslett: 10.00-15.00

Møtenr: 8/15

Møtestad: Helse Vest – Forus. Møterom Kjerag

Arkivref: -

Saksnr	Emne	Ansvarleg
51/15	<p><u>Miniseminar om brukarmedverknad i helseforskning</u></p> <p>Linn Bæra ønskte velkommen og innleia med ein presentasjon om brukarmedverknad i helseforskning frå eit brukarståsted. Ho snakka mellom anna om at brukarane har kunnskap om kor «skoen trykker», og at brukaranes ekspertise på seg sjølve må telle saman med forskaranes ekspertise. Ein reell brukarinvolvering krev difor ein gjensidig respekt og forståing av kvarandres perspektiv. Det bør utarbeidast ein folder som seier noko om kva brukarmedverknad er. Sjå elles vedlagte presentasjon.</p> <p>Deretter presenterte Øystein Svindland (rådgivar frå Seksjon for forskning og innovasjon, Helse Bergen) retningslinjene for brukarmedverknad i helseforskning, der han mellom anna sa noko om kva retningslinjene går ut på, kvifor dei er viktige, for kven dei gjeld og i kva fase av forskinga brukarmedverknad kan vere aktuelt. Sjå elles vedlagte presentasjon.</p> <p>Wenche Ten Velden Hegelstad (psykologspesialist frå Seksjon akutt og intensiv psykiatri, Helse Stavanger) heldt eit lynkurs om forskning der ho gjekk igjennom ulike typar forskingsspørsmål og</p>	<p>Linn Bæra Øystein Svindland Laila Yvonne Nordvoll Sølvi Lerfald Wenche T. V. Hegelstad</p>

forskningsdesign/forskningsmetodar for å sikre at forskinga får svar på det ho faktisk ønskjer å undersøke, og for å få mest mogleg reliable resultat. (Presentasjonen vil bli ettersendt når eg har motteke han).

Sølvi Lerfald (spesialrådgivar, Regionalt kompetansesenter for klinisk forskning, Helse Vest) gjekk deretter igjennom forskingsaktiviteten i Helse Vest. Det er det regionale samarbeidsorganet mellom Helse Vest, Universitetet i Bergen og Universitetet i Stavanger som tildeler forskingsmidlar frå Helse Vest etter innstilling frå eksterne vurderingskomitéar. I 2016 vil omfanget av forskingsmidlar frå Helse Vest ligge på rundt 180 mill. kroner. Her kan du sjå oversikt over forskingsprosjekt finansiert av dei regionale helseføretaka: <http://forskingsprosjekter.ihelse.net>. Søk på Helse Vest, og hak av i boksen for Helse Vest slik at du berre får opp prosjekt frå vår region. Vidare presenterte Sølvi fagleg rapport frå 2014, som syner at brukarar har vore involvert i 29% (totalt 95 prosjekt) av alle prosjekta som har fått finansiering frå Helse Vest, og det er Helse Førde som kjem best ut med tanke på brukarmedverknad. Det er størst del prosjekt innan psykisk helse som har brukarmedverknad. Sjå elles vedlagte presentasjon.

Oppsummering og vegen vidare:

Etter kvar presentasjon blei det heldt ein kort dialogrunde, og stikkord herfrå er:

- Brukarstemma må vere med på å bestemme kva det skal forskast på, slik at det ikkje berre blir forskarar som avgjer dette
- Kommunikasjonsutfordringar då brukarar og forskarar nyttar ulikt språk
- Brukarrolla må ikkje relaterast til sjukdomen åleine, og det er viktig at brukarrolla i ulike prosjekt blir definert på eit så tidleg stadium som mogleg for ein gjensidig forventningsavklåring
- Mykje forskning har utfallsmål som pasientane opplev som mindre viktige
- Brukarstemma er for lite synleg i etisk vurdering av prosjekt. Viktig i forhold til korleis pasienten blir ivaretatt gjennom heile forskingsløpet
- Når det gjeld definisjon av

	<p>brukarmedverknad står det mange plassar at «Brukarar i helseforskning vil primært vere pasientar og pårørande.» RBU meiner at det heller bør stå «... primært vere brukarar med pasienterfaring og pårørande» då det er mange brukarar som ikkje er i eit aktivt pasientløp/behandlingsløp.</p> <p>Vegen vidare:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Brukarmedverknad i helseforskning er noko heilt nytt, og vegen må bli litt til mens man går - Det er viktig å seie noko om kva brukarmedverknad er, og kva nytte brukarmedverknad kan ha. Lage ein informasjonsfolder - Når det gjeld seminaret mellom brukarar og forskarar i januar 2016 er det ønskeleg at brukarrepresentantane, forskingsmiljøa og RHF-et gjer innspel til kva som skal vere formålet. RBU-representantane sender sine innspel til Linn Bæra 	
52/15	<p>Godkjenning av innkalling, og melding av eventuelsaker.</p> <p>Innkalling godkjend. Til referat blei det kommentert at vedlegg frå presentatør på førre møte ikkje låg vedlagt. Det blir ettersendt.</p> <p>Ein sak til eventuelt.</p>	Linn Bæra
53/15	<p>Medikamentfri behandling – status i Helse Vest.</p> <p>Carina Mæland (rådgiver Helse Vest) informerte om at tilbod om medikamentfri behandling for pasientar i psykisk helsevern er eit krav i oppdragsdokument 2015 frå Helse og omsorgsdep. (HOD), der Helse Vest blei bedt om å rapportere om planane sine for korleis dei skal gjennomføre dette innan 1. mars. HOD har bedt om ytterlegare presisering med svarfrist 1. november 2015.</p> <p>Innspel i møtet:</p> <ul style="list-style-type: none"> - Tilbodet må gjerast kjent for pasientane - Den medikamentfrie behandlinga må vere av god kvalitet <p>Øvrige innspel frå RBU ønskjer Carina innan 29. oktober, og kan sendast på epost til: carina.paulsen.meland@helse-vest.no</p>	Carina Mæland

54/15	Førespurnad frå Marte Bale (Helse Førde) om brukarrepresentant til styringsgruppa til prosjekt Nasjonal Helseatlasteneste. Første møte er 22. oktober, og prosjektet er planlagt ferdig medio juni 2016. Annbjørg Hellestræ ble oppnemnd av RBU som brukarrepresentant i prosjektet. Sekretær for RBU melder frå om dette til aktuelle partar.	Linn Bæra
-------	--	-----------

Neste RBU-møte er den 11.11.2015 hos Helse Vest på Forus. Dersom du har saker til RBU-møtet er det fint om du melder dei inn i tid før utsending av innkallinga (1 veke før møtet).

Det er fint om du kan melde ifrå om forfall til RBU-møta i god tid (om du kan)! Vara-representantar har meldt frå om dei har problem med å stille på kort varsel.